

Referat frå kommunemøte torsdag 9. desember 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stades: Fedje, Fitjar, Luster, Solund og Voss

Møteleiar: Haavard Stensvand

1. Informasjonssaker

Pandemisituasjonen

- Ingen veit betre enn kommunane at situasjonen er svært utfordrande.
- I møte med statsforvaltarane i går karakteriserte Helsedirektøren situasjonen som «spennande og kritisk».
- På grunn av vaksininga er vi i utgangspunktet betre stilt enn tidleg på våren 2020, men omikron-varianten gjer alt meir usikkert.
- På toppen kjem det store presset på tenestene som følgje av andre sjukdomar, lagar det rekordstore sjukefråværet store problem.
- Held utviklinga fram, kan vi rundt jul risikere 40 nye innleggingar på sjukehusa per dag (nasjonalt).

Prosesen med kommunane i opptaksområdet til Helse Bergen

- Vi sendte fredag føremiddag inn forslag til forskriftstekst om smitteverntiltak for 13 kommunar.
- Det var dagen før vedtatt ei forskrift som regulerte tiltak for 39 kommunar i Oslo, Viken og Innlandet.
- Departementet tok ikkje til følgje alle våre forslag, men gjorde dei reguleringane som allereie gjaldt for kommunane på Austlandet gjeldande for våre kommunar òg.
- Dette vart ein litt uheldig innspurt på det som vi elles opplevde som ein god prosess, og det skapte utfordringar for i alle fall nokre av kommunane
- Vi har i dag «lytta inn» i eit møte mellom Bergen og dei næraste nabokommunane. Bergen vil offentleggjere ei tilleggskrift i dag.
- Ei av problemstillingane som kommunane har diskutert i dagar at det per i dag eksisterer to ulike TISK-regime for handtering av høvesvis omikron- og delta-varianten. I praksis betyr det at det er skilnad i reglane for smittekarantene.
- Eg lovde kommunane i dag å ta opp med nasjonale styresmakter om det i den aller næraste framtida vil kome eitt regime.
- Svaret som eg akkurat fekk frå FHI er at inntil omikron måtte verte den dominerande virusvarianten, vil det framleis vere to ulike TISK-regime. Tidlegaste sannsynlege tidspunkt for revurdering er om ca. fjorten dagar, men sannsynlegvis vert det ikkje endringar før etter jul.

Sjølvtestar (hurtigtestar)

- Nasjonalt er det per no avgrensa tilgang på sjølvtestar, og det betyr igjen at det i ein periode er nødvendig å gjere omfordeling mellom kommunane av dei testane vi allereie har i fylket.
- Vi avtalte i midten av november med nokre kommunar at vi kunne sende inn ei større bestilling på sjølvtesta, slik at dei kommunane kunne fungere som "hubar".
- Dette kjem veldig godt med no, og vi håpar at det skal gjere at vi kjem oss gjennom denne litt krevjande perioden med avgrensa tilgang på testar.
- Kommunane er imponerande flinke til å hjelpe kvarandre når det er behov for det, og vi har sett mange gode døme på kreative løysinga for å frakte testar rundt om i fylket. Både personar som pendlar og hurtigbåtar har vore nytta for å få dei fram.
- Det viser no igjen, som under heile pandemien, at kommunane tenkjer fellesskap, er kreative og finn løysingar på dei fleste problemstillingar.
- No skal fordelinga av hurtigtestar gjerast på bakgrunn av tala som vert rapportert i veke rapporten.
- Det er såleis veldig viktig å hugse å rapportere, slik at både kommunane sjølv, vi og Helsedirektoratet har oppdaterte tal.
- Vi minner igjen om at fristen for rapporteringa er kl. 12.00 på måndagar.

2. Innspel frå nasjonale etatar

Helsedirektoratet v/ Svein Lie orienterer om hurtigtestar

- Helsedirektoratet hadde kjøpt inn eit stor volum, men det har vore ein auke i smitte og i indikasjonen for testing. Direktoratet har difor måtte tenkje raskt og lurt, for å sikre befolkninga sitt behov så lenge testing er eit aktivt verkemiddel.
- Denne veka har Helsedirektoratet sendt ut hurtigtestar etter det nye systemet for utlevering, med grunnlag i innmeldt status gjennom rapportering og folketal.
- Lie presiserer at det er viktig og bra at kommunane hjelp kvarandre når ein treng fleire hurtigtestar. Helsedirektoratet arbeider aktivt og mykje med å skaffe fleire hurtigtestar og forventar store leveringar framover.
- Det nye systemet for utlevering av hurtigtestar skal bidra til å sikre god og tilstrekkeleg levering. Systemet blei presentert for statsforvaltarane i går og blir presentert på nytt møte i morgon.
- Systemet baserer seg på innbyggartal og innrapportert lagerstatus frå kommunane. Det er difor veldig viktig at kommunane rapporterer. Systemet legg opp til at innrapportert lagerstatus blir drøfta med statsforvaltarane før utsending, for eventuelt å justere behovet med tanke på lokale utbrot andre lokale forhold som stor tilstrøyming av turistar, gjestearbeidarar m.m.
- Sjølve distribusjonen skal drøftast med statsforvaltarane, men vil basere seg på enten å sende hurtigtestane ut til alle kommunane eller gjennom knutepunkt i fylka.
- Det vil vere eigne leveransar til kommunane som har grenseovergangar.
- Helsedirektoratet kjem med meir informasjon om leveringar i jule- og romjultida. Testar som er sendt ut i veke 48 reknast med å vere levert neste veke. For nokre kommunar er det mogleg at det går over i veka etter.

FHI v/ Preben Aavitsland orienterer om situasjon, omikron-varianten og drop-in vaksinetilbodet

- Det er høge tal smitta kvar veke no, som gir ein del nye sjukehusinnleggingar og intensivinnleggar. Dei fleste smittetilfella er blant barn og unge som har låg risiko for innlegging, Når det er mykje smitte i samfunnet vil viruset likevel treffe uvaksinerte middelaldrande og tidleg vaksinerte skrøpelege eldre.
- FHI ser ikkje noko teikn per no til at det framover vil bli færre innlagde per dag. Det er for tidleg å seie noko om korleis nye tiltak vil verke.
- FHI tenkjer sjukdomsbyrde som ein kombinasjon av sjukdomsalvor og spreingspotensialet. Direkte effekt på sjukdomsalvoret er god, trass omikron, Det skuldast m.a. høg dekning av fullvaksinerte. FHI er uroa for spreingspotensialet. Vaksinare ser ikkje ut til å vere så gode som ein hadde håpa på med tanke på å stoppe spreing, men dei gode med tanke på å unngå alvorleg sjukdom.
- Aavitsland viser til at det er ca. 112 000 uvaksinerte personar i aldersgruppa 45 år og meir. Dei gir like mykje sjukehusinnleggingar som alle dei andre aldersgruppene samla. Det vil derfor vere veldig mykje nytte i å få desse til å vaksinere seg.
- Merksemda er derfor no på ein tredje dose til alle i gruppa 65+, og minimum første dose til dei i 45+ som enno ikkje har tatt vaksine.
- Uansett om omikron ikkje gjer meir alvorleg sjukdom gjer den store spreingsevna at fleire blir alvorleg sjuke. Det hastar med vaksinasjon for å redusere det akutte behovet.
- Tiltaka vi har i samfunnet no er effektive, men det kan likevel verte nødvendig å innføre nokre fleire.
- TISK ved omikron: Omikron skal mistenkast ved reisande som kjem frå nokre presiserte land i sørlege Afrika, om nokon er nærkontakt til nokon med stadfesta omikronsmitte, der det blir vist at det ikkje er deltavarianten og ved nokre nøkkelmutasjonar som omikronvarianten har.
- Å innføre likt TISK-strategi ved alle smittetilfelle blir ein diskusjon framover, men det er ikkje landa nasjonalt enno. I løpet av nokre veker må vi kanskje behandle alt som same variant.

3. Innspel frå kommuneoverlegar i Bergensområdet

- Terese Folgerø i Alver kommune sendte på tysdag ein e-post med ein del tankar rundt noverande krav til karantene til nærkontaktar.

Etter covid-19-forskriftens § 4f første ledd bokstav b, skal personer som er bekreftet smittet av SARS-CoV-2 isolere seg i syv dager dersom kommunelegen har grunn til å tro at personen kan være smittet med virusvarianten omikron. KOL opplever i utgangspunktet å ha stor autonomi i denne vurderingen etter forskriftsbestemmelsen, men samtidig definerer FHI i sine anbefalinger gitte kriterier for når en person skal mistenkes å være smittet med omikron, noe som innskrenker dette handlingsrommet igjen. KOL blir derfor usikker på hvilken myndighet som er tillagt dem etter forskriften; kan de bruke faglig skjønn i denne vurderingen, eller er myndigheten avgrenset av FHIs definisjon?

Hdir v/ Svein Lie:

- Samd med det som Aavitsland har presentert om omikron.
- Dette er vanskeleg, då det ikkje er ei skarp grense. Det liknar på andre utfordringar ein møter, og der ein skal praktisere skjønnsrom.
- Vi vil få tilførsel av ny kunnskap, og det må vurderast ut frå den.

- Om ein ut frå ei spesifikk skildring av kvifor ein vel å behandle tilfellet som omikron, må det tillatast å bruke skjønn om omikron-mistanke. Det er viktig å vurdere det forholdsmessige.
- Om nokre veker ser vi sannsynlegvis annleis på det.

FHI v/ Preben Aavitsland:

- Dei tre kriteria ligg som kjent til grunn. Tolkar problemstillinga som at det er ønskeleg å gå tilbake til det gamle TISK regimet. Kan vere at det blir slik.

Spørsmål i chat frå smittevernoverlege Marit Voltersvik, Bergen:

- 500 smitta i dag. Bergen har byrja å legge til grunn at alle tilfella er omikron og handterer det med grunnlag i det.
- Smittesporing er krevjande og det handlar ikkje om berre om smittetilfelle som kjem frå sør Afrika no.
- Det er ønskeleg at TISK-strategien for omikron må innehalde unntak for kritisk helsepersonell.

Hdir v/ Svein Lie:

- Med høge smittetal er det heilt klart vanskeleg å vite om det er den eine eller andre varianten.

Svar på spørsmål i chat frå Aurland og Fjaler kommunar om hurtigtestar til vidaregåande skular:

- Kommunane må dele med VGS, men det må vere ein indikasjon/mistanke om utbrot og såleis trong for jamleg og målretta testing.
- Kommunen har ikkje noko plikt til å dele ut testar til dømes som screening av elevar som kjem tilbake frå juleferie.

4. Spørsmål frå kommunane

Vi har fått svært mange spørsmål om tolking av forskrifter og tilrådingar no. Mange av desse spørsmåla er det ikkje direkte klare svar på i covid-19-forskrifta, på regjeringa.no eller Hdir/FHI sine heimesider.

Både for kommunane og oss er det viktig at vi minner oss sjølv om kva som er føremålet med, og bakgrunnen for dei strenge tiltaka som regjeringa har innført. Intensjonen er få på plass smittetiltak som hindrar eller avgrensar spreinga av viruset i befolkninga, og at kontaktreducerande tiltak er ein viktig del av dette. Målet med dei nasjonale tiltaka er kunne oppretthalde kontrollen og sikre at helse- og omsorgstenestene skal kunne leverast.

Vi tilrår at kommunane er medvitne om intensjonen i forskrifta i tilbakemeldingar til skular, private arrangørar og andre om kva som bør gjelde ved til dømes julegudsteneste, juleball/juleavslutningar og møteverksemd.

Sjå tabellen under for svar og grunngevingar på dei spørsmåla vi har fått inn.

Vi legg ved nokre nyttige lenkjer frå FHI og Helsedirektoratet:

https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/andre/rad_til_arbeidsplasser/

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/andre/arrangementer-samlinger/>

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/arrangementer-gjester-i-hjemmet-og-avstand#innendørs-private-sammenkomster-og-arrangementer-sterk>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen/nasjonale-rad-og-regler/id2890588/>

<p>Frå Frøydis Gullbrå - Aurland Kan de gi nokre råd om arrangement som skuleavslutning / juleball ? Korleis skal slike tilstellingar definerast. Barn og unge skal skjermast, dei fekk ikkje ha juleball i fjor. Kan det opnast for samling på 55 ungdommar med nødvendig tal vaksne i område med lite smitte /ingen smitte på skulen? Det hastar med å få avklaring på dette spørsmålet. Dette gjeld mange kommunar, ikkje berre Aurland</p>	<p>Kort svar: Skuleavslutning/juleball er arrangement og har antallavgrensing på 20 personar. Unntak for barnehage og barneskule.</p> <p>Grunngjeving: Forskrifta § 13 første ledd bokstav e definerer "sosiale samlinger i tilknytning til skole" som arrangement.</p> <p>Vidare følgjer det av § 13a bokstav a at det er antallsavgrensing på maks. 20 personar. Det gjeld ikkje avstandskrav for desse 20 personane, jf. § 13b tredje ledd bokstav c.</p> <p>Sjå tabell her: https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/andere/arrangementer-samlinger/ der døme er juleavslutning for klassen, som må kunne likestillast med juleball for skulen - det kan i alle tilfeller ikkje tolkast slik at juleball for ein heil skule skal ha mildare føringar.</p> <p>Sjå også Kgl. Res. Datert 08.12.2021, sak 21/3764. Innleiingvis er det skildra kvifor det er behov for ytterlegare tiltak, der går det fram at:</p> <p><i>"Tiltakene knyttet til arrangementer vil berøre hensynet til barnets beste, som skal være et grunnleggende hensyn i alle tiltak som berører barn, jf. Grunnloven § 104 og Barnekonvensjonens artikkel 3. Dette da for eksempel fordi skuleavslutninger, juleball og liknende kan måtte avlyses."</i> (min understreking).</p>
<p>Frå Frøydis Gullbrå – Aurland: Om oppfølging av korona-smitte Det er to veldig ulike TISK strategiar ute no. Ein skal me bruke ved mistenkt omicron-variant. Den inneheld omfattande nærkontaktsproing og karantene-setjing + forlenga isolasjonstid. Den andre forenkla TISK skal me bruke i alle andre tilfelle - her er det kortare isolasjonstid</p>	<p>Svar: Det er to ulike løp for TISK no, eit vanleg, ikkje-omikron løp og eit strengare løp for omikron, med utvida smittesporing, karantenesetting og varigheit av isolasjon. I webinar med FHI i dag sa FHI at dei ikkje ønskjer seg to ulike løp, og at dei ønskjer å samkøyre desse til eitt løp så raskt som mogleg.</p>

<p>og lite bruk av karantene. Altså betydeleg mindre inngripande tiltak - og mindre arbeid for smittesporarar</p> <p>Siste tid har det vore absolutt mest delta-variant i landet, og framleis er det størst sannsynlegheit for at ny smitte er delta i dei aller fleste tilfelle.</p> <p>Likevel er det ulik praksis rundt om no i høve kva TISK-strategi som blir brukt. Me blir fortalt av sentrale helsestyresmakter at omicron kan vere over heile landet. Difor vil nokon definere alle nye tilfeller som mistenkt omicron.</p> <p>Andre ser strengt på det som er av skriftlege retningslinjer, og definerer kun kjente nærkontakter til omicron-smitta + reisande frå definerte land i Afrika som mistenkt omicron.</p> <p>Det er ugreitt med ulik praksis og ulike vurderingar både for smittevernlegar og innbyggjarar.</p> <p>Fins der råd å gi? Når skal me mistenke omicron?</p>	<p>Føresetnaden er at omikron spreier seg i større grad, for førebels er nesten alle tilfeller i landet delta, og FHI meiner at mistanke om omikron framleis skal basere seg på kausdefinisjonen deira. Dei jobbar med å lage nye tilrådingar for TISK-arbeidet. Dei sa òg at dei kan bli utfordrande for kommunane å gje beskjed til alle i karantene om at dei ikkje treng å vere i karantene lenger, i dei tilfella det viser seg å ikkje vere omikron etter sekvensering.</p>
<p>Frå Kristine Longfellow – Høyanger</p> <p>Spm 1: Slik stoda er med personellressursar til å utføre vaksineriing i vår kommune med knappe 4000 innbyggjarar og ei vaksine-dag i uka, så er det etter mitt syn ei umogleg oppgåve for kommunen å gjennomføre vaksineriing med dropp-inn utan timebestilling.</p> <p>Vi har best erfaring med fastsette dagar med eit bestemt tal vaksinedosar som vi legg ut som timar. Då kan vi styre dosar og ressursar, og på den måten sikre at dosane vert gitt. Dropp-in er nok ei betre løysing i langt større byar. Vi har prøvd å ha dropp inn ein enkelt gang i haust, det kom to personer. Det hadde kanskje vore annerleis nå, med omsyn til 3. dose, men uansett meiner eg at dropp-inn er for komplisert å få til, da haldbarheita av eit open glas/opptrekket vaksiner er så kort.</p> <p>Det er forskriftsfesta, altså ei plikt, så spm. er i kva grad vi klarar å etterleve – må vi?</p> <p>Spm 2: Det står at unge under 20 år ikkje er underlagt avstand og antalls-begrensning når det gjeld idrett-, kultur- og fritidsaktiviteter. Er det med dette rom for at våres lille VGS på 124 elever gjennomfører juleball som eit kulturarrangement?</p>	<p>Svar:</p> <p>Drop-in vaksinasjon er omtalt under punkt 9.</p> <p>Kort svar: Skuleball er eit arrangement i tilknytning til skule, antallsavgrensing på 20 stk.</p> <p>Kulturarrangement har ei avgrensing på 50 stk.</p>

Kommunen har p.t. ingen smitte. Kva er definisjonen på kultur-arrangement? Viss de arrangerer talent-kveld eller jule-verkstad, er det så eit kultur-arrangement? Dei tilbringer heile dagen i same kantine som de så vil spise middag i. Det henger ikkje saman logisk ikkje å tillate det. Og viss Fylkeskommunen ikkje vil tillate det i sine lokal, er det rom for å finne eit anna eigna lokal?

Grunngjeving:

Forskrifta § 13 første ledd bokstav e definerer "sosiale samlinger i tilknytning til skole" som arrangement. Vidare følgjer det av § 13a bokstav a at det er antallsavgrensing på maks. 20 personar. Det gjeld ikkje avstandskrav for desse 20 personane, jf. § 13b tredje ledd bokstav c.

Kulturarrangement er definert som et arrangement der hovudformålet og hovudinnhaldet inneberer formidling av kulturelt eller kunstnerisk innhald. Vi kan ikkje sjå at juleball fell inn under denne definisjonen. (Under kulturarrangement er det ikkje sosial interaksjon mellom publikum og formidlar.) For kulturarrangement, sjå § 13 bokstav b, jf. § 13a bokstav c – antallsavgrensing på 50 stk.

Fordi "sosiale samlinger i tilknytning til skole" er trekt ut i eigen bestemmelse, kan vi ikkje tolke forskrifta slik at arrangement i tilknytning til skule er det same som kulturarrangement.

Sjå tabell her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/andre/arrangementer-samlinger/> der døme er juleavslutning for klassen, som må kunne likestillast med juleball for skulen - det kan i alle tilfeller ikkje tolkast slik at juleball for ein heil skule skal ha mildare føringar.

Sjå også Kgl. Res. Datert 08.12.2021, sak 21/3764. Innleiingvis er det skildra kvifor det er behov for ytterlegare tiltak, der går det fram at:

*"Tiltakene knyttet til arrangementer vil berøre hensynet til barnets beste, som skal være et grunnleggende hensyn i alle tiltak som berører barn, jf. Grunnloven § 104 og Barnekonvensjonens artikkel 3. Dette da for eksempel fordi skoleavslutninger, **juleball** og liknende kan måtte avlyses."* (min understreking).

Vi vil minne om og gjere merksam på bakgrunnen for at regjeringa har innført ei rekke strenge tiltak. Formålet og intensjonen

	<p>med forskrifta er gi smittevern faglige tiltak for å hindre eller begrense spredning av viruset i befolkninga. Målet med dei nasjonale tiltaka er kunne oppretthalde kontrollen og sikre at helse- og omsorgstenestene skal kunne leverast.</p>
<p>Frå Gunn Tove Petterteig – Kvinnherad: Eit politisk møte er ikkje definert som eit arrangement. Då finn eg det vanskeleg å sei noko om kor mange som kan møtast. Vi skal sjølv sagt halda ein meter mellom kvar deltakar og syte for at politikarane nyttar munnbind i alle pausar og at dei et maten sin på plassen sin. Men slik eg tolkar dette på nytt no så er mi anbefaling å nytta kommunestyremøtet som eit elektronisk møte med TV streaming. Fordi:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Regjeringa oppmodar om å redusera antal nærkontaktar. (eit slikt møte varer mange timar med om lag ein meter mellom kvar deltakar) 2. Andre samanhengar viser ein til fastmonterte seter (noko vi ikkje har) og bruke munnbind der ein ikkje kan halda ein meter avstand. Desse arrangementa opererer regjeringa med maks 50 personar (det er knytt til gravferd og minnestunder) 3. «Det anbefales god ventilasjon/lufting i situasjonar der man oppholder seg i samme rom over tid med personer som ikke er hushandsmedlemmer og tilsvarende nære» 4. (dette blir ikkje mogeleg å overhalde der ein skal ha politisk møte) <p>Slik eg tolkar dette vil eg anbefalt å halda kommunestyremøtet elektronisk. Kan eg få ein tilbakemelding på om tolkinga er fornuftig eller rett?</p>	<p>Kort svar: Møter er ikkje eit arrangement og har derfor ikkje antallsavgensingar. Vi støttar tolkinga i at det er fornuftig å gjennomføre møtet digitalt, kommunen må sjølv vurdere om det er rett. Føremålet og intensjonen bak føreskrifta må leggjast til grunn når ein gjer ei vurdering av fysisk eller digitalt møte. Det er ei generell anbefaling om å redusere tal nærkontaktar.</p> <p>Grunngjeving: Møter definerast ikkje som eit arrangement slik Covid-19-forskrifta §13 første ledd definerer arrangement;</p> <p><i>Med arrangementer menes følgende sammenkomster på offentlig sted eller i lokaler eller utendørs arealer som leies eller lånes ut, inkludert hoteller, grendehus, forsamlingshus, konferansesaler og haller</i></p> <p><i>c. seminarer, konferanser, kurs, medlemsmøter og andre faglige sammenkomster, men ikke møter eller sammenkomster som ledd i ordinært arbeid eller undervisning på skole eller universitet</i></p> <p>Regjeringa oppmodar òg mellom anna om å redusere tal nærkontaktar.</p> <p>De må gjerast ei vurdering av viktigeita av å redusere smitterisiko mot det å utføre oppgåva de er satt til å gjere, og då om digital gjennomføring av møtet er tilfredsstillande for dei oppgåvene som skal utførast. På spørsmålet om tolkinga er fornuftig eller rett vil ei digital gjennomføring av møtet vere fornuftig med tanke på å redusere smitterisiko, men kommunen må sjølv vurdere kva som er rett. Vi vil minne om og gjere merksam på</p>

	<p>bakgrunnen for at regjeringa har innført ei rekke strenge tiltak. Vi tilrår at kommunane legg intensjonen i forskrifta til grunn når de fastsett kva som skal gjelde ved til dømes møteverksemd.</p>
<p>Frå Trine Engebø - Hyllestad: Er det slik å forstå at kommunane no skal drive smittesporingararbeid at?. Dvs at vårt kommunale smittesporingsteam skal ringe nærkontaktar?</p>	<p>Det er berre ved mistanke om omikron at nærkontaktar skal smittesporast. For andre variantar gjeld framleis berre smittesporing for husstandsmedlem og tilsvarande, andre må i hovudsak indeks kontakte. Sjå https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/testing-isolasjon-smittesporing-og-karantene/nedjustert-tisk</p>
<p>Frå Astrid-Anett Steine/ Anita Hesthamar – Kvam: Spørsmål til Statsforvaltaren Det er tilrådd at alle bør halda 1m avstand til andre enn husstandsmedlemmer og tilsvarande nære, men tilrådinga gjeld ikkje for barn i barnehage og barneskule. Kvam herad lurar på kva tilråding er for Ungdomstrinn/vidaregåande skular og Vaksenopplæring.</p>	<p>Kort svar: Tilrådinga er å halde 1 meter avstand til andre enn husstandsmedlemmar og tilsvarande nære. Det er gjort unntak for born i barnehage og barneskule. Denne tilrådinga vil difor gjere seg gjeldande for elevar ved ungdoms-, vidaregåandeskule og vaksenopplæring.</p> <p>Tilrådinga er i samsvar med intensjonen og formålet med tilrådingane og forskrifta. Dette vert ytterlegare presisert i forskrifta § 14b, der det går fram at opplærings- og utdanningsverksemdar skal drive smittevern fagleg forsvarleg, merk hygienetiltak og kontaktreducerande tiltak.</p>
<p>Skal kampaktivitet og konkurransar på tvers av kommunegrensar gå som planlagt (både for vaksne og barn)?</p>	<p>Reglane seier, slik vi forstår, ikkje noko om regionale omsyn, men inneheld mellom anna føringar og avgrensingar av deltakarar for vaksne i breiddeidretten. Idretten kan gå normalt for barn og unge under 20 år.</p> <p>Idrettsforbundet publiserte tysdag 7. desember ei pressemelding der dei omtalar dei endringane som påverkar idretten: https://www.idrettsforbundet.no/nyheter/2021/nye-korona-tiltak-pavirker-bade-idrettsarrangementer-og-idrettsaktivitet-for-voksne/</p>
<p>Vil det vere mogleg å gjennomføre julegudstenester for barnehagar og skular innan gjeldande regelverk?</p>	<p>Slik vi ser det vil det vil det innanfor det nye regelverket vere mogleg å gjennomføre slike samlingar så lenge ein overheld krav til tal deltakarar som er 50 personar. Tilrådinga er å</p>

	<p>halde 1 meter avstand til andre enn husstandsmedlemmar og tilsvarande nære. Det er gjort unntak for born i barnehage og barneskule.</p> <p>Sjølv om regelverket ikkje er til hinder for å gjennomføre gudstenester og idrettsarrangement så er det viktig at ein gjer ei vurdering av lokale smitteforhold og generelle smittevernomsyn</p>
--	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

5. Vaksiner

Informasjonsbrev nr. 38

Vi viser til siste informasjonsbrev frå FHI og oppmodar alle om å lese det i sin heilskap. Eit par viktige punkt er at intervallet mellom grunnvaksinerings og boosterdose no er redusert til minimum 5 månader for alle personar som til no er tilrådd boosterdose. I brevet oppmodar FHI kommunane òg om å bestille meir Spikevax og bruke denne til boosterdosar.

Drop-in vaksinetilbod

I brevet kjem FHI òg med tilrådingar om korleis eit drop in-vaksinasjonstilbod i kommunane kan gjennomførast jf. § 22a i covid-19-forskrifta. Tilbodet skal ikkje krevje timebestilling og skal òg vere tilgjengeleg utanfor vanleg kontortid. Utover dette er det lokale forhold og behov som avgjer.

Interkommunale samarbeid, samarbeid med BHT eller apotek er døme som er nemnt som moglege løysingar for å auka tilgjenge. Vi har stor forståing for at dette er krevjande for kommunane, og vi tek omsyn til at det er stor fleksibilitet i ordlyden i forskrifta. Vi har òg meldt tilbake om utfordringane til Hdir og FHI, og vi ber FHI om å seie litt meir om dette.

FHI v/ Preben Aavitsland:

- Regjeringa ønsker eit sterkare press på dette med drop in-vaksinasjon, for å fange opp etternølarar. Drop in er ikkje tenkt som hovudtilbod eller aktivitet, men som ein moglegheit for dei som treng det.
- Det er kome inn ei setning i forskrifta om at ein skal vurdere dei lokale forholda, som betyr at det er ein ganske stor fridom til å finne løysingar.
- Ein kommune med 5000 har t.d. etablert ei med 15 minuttar drop in-vaksinasjon etter kl. 16.00 og meiner med det å ha oppfylt intensjonen i forskrifta.
- Det er opna for at kommunar samarbeider om fleksible lokale ordningar.

Spørsmål i chat:

Korleis er journalføring er løyst i Oslo når dei nyttar apotek til vaksinasjon?

FHI v/ Preben Aavitsland:

- FHI skal ha eit møte med apotekforeininga for å sjå om dei kan lage ei rettleiing for kommunane som ønskjer hjelp frå apotek til å vaksinere og skal ta opp dette då.

Barnevaksiner

Det kjem barnedosar til Noreg neste veke, til bruk på barn i alderen 5-11 år med alvorlege grunnsjukdomar. FHI planlegg å sende dette ut til utvalde kommunar i veke 51. Barnedosane er haldbare lengre i kjøleskap enn vaksendosane. FHI jobbar no med å kartleggje korleis identifiseringa av desse barna skal skje og kjem tilbake med meir informasjon. Det er snakk om ca. 3000 barn nasjonalt. Vi kan vente at ca. 300-350 av desse bur i Vestland.

Vaksineutsending

Vi har fått spørsmål frå Gloppen om korleis utsending av vaksinar skjer framover. Leveransar for veke 49 og 50 kan ikkje endrast, men:

- Kommuner kan melde endringer for uke 51 (stoppe levering, øke eller redusere antall hetteglass) på e-post til vaksineforsyningen@fhi.no innen mandag 13. desember **kl. 9:00**
- Kommuner som ønsker Spikevax i uke 51 gir beskjed pr. epost til vaksineforsyningen@fhi.no innen mandag 13. desember **kl. 9:00**

Veke 1 og kva som skjer vidare etter jul, har ikkje FHI landa enno. FHI har fått tilbakemeldingar frå kommunar som ønskjer å bestille inn vaksinedosar sjølv igjen, og tek dette med i vurderinga.

6. Utdanningsområdet

Vi er klar over at situasjonen når det gjeld bemanning i fleire kommunar og ei rekke skular og barnehagar er kritisk, og at den har vore det over tid. Dette er meldt og eksemplifisert til Udir, som grunnlag for dei prosessane dei er involvert i på regelverksområdet.

Udir vil lage ei samla framstilling av regelverket for barnehage og skular.

Trafikklysmodellen er gjeninnført. Endring mellom nivåa, altså til gult og raudt, krev vedtak etter smittevernlova.

Ny § 14b i covid19-forskrifta

Det vi veit i dag er at det som var § 12b i Covid19-forskrifta blir gjeninnført - ny 14b - krav til smittevernmessig forsvarlig drift. Den skal tre i kraft frå 13. desember.

Tidlegare avslutning av skuleåret

Kommunane kan gjere justeringar i skuleruta. I så fall må den lokale forskrifta endrast. Det er lagt ut nærare informasjon om dette på Udir.no, koronasidene.

Bemanning

Pensjonerte lærarar kan engasjerast utan at det gir avkorting i pensjon.

Lærarstudentar på same måte utan at studiestøtta avkortast.